

Løo vert bustad på Sanden

27.11.2012



Når til og med løo på Sanden kan verta bustad lovar det godt for busettjinga i Uskedalen i tida framover. Det er Endre Nilsen, som har sine røter på staden, som står bak prosjektet og Byggpartner tek seg av det praktiske.

Riving er første steget og taket er det første som har vorte fjerna. Grunnmuren skal behaldast uendra medan resten skal byggjast nytt, men i den same dimensjon som løo har hatt.

Det vert med andre ord eit hus som er godt tilpassa heilskapen i området og også tek omsyn til at kyrkja ligg relativt nær. Men på grunn av det måtte denne saka opp til avgjerd på høgaste hald og enda hos sjølvaste biskopen.

Delvis på grunn av dette har førebuingane av dette spesielle prosjektet teke si tid, men alt tyder på at resultatet vert bra.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen